

Til: Tom Guldhav, klinikkdirektør kir. klinikk

Frå: Stian Sægrov, ambulansesjef

Kopi: Robert Brennersted, avdelingssjef AAM

Dato 29.november 2023

### **Risikovurdering - manglende investeringsmidlar ambulansebilar 2024-2028**

#### **Investeringsramme**

Ambulansetenesta har 34 bilar i operativ teneste, i tillegg til driftsreservar og kvit bil. Det er eit årleg behov for seks nye ambulansebilar for å oppretthalde ein bilpark innanfor forsvarleg km. stand og alder. For 2023 blei ramma halvert frå 10.000.000,- til 5.000.000,- utan risikovurdering eller prosess i forkant.

For 2024 er forslag til ramme sett til kr 0,-. Det er denne gong bede om risikovurdering.

Det innmeldte årlege behov er 11 MNOK grunna nye avtalar, prisauke og utstyr.

#### **Leveringstid**

Verdssituasjonen har ført til at tid frå bestilling til levering no er 15-18 månader. Ambulansar bestilt i desember 2022, vert truleg først levert i mars 2024. Sykehusinnkjøp har varsla at nye avtalar skal tre i kraft 1.1.2024. Ev bestillingar i 2024 vil truleg først kunne ventast levert våren 2025.

Nasjonale rammeavtalar og utfordringar med anbodsprosess, KOFA-klager, og følgje-konsekvensane av pandemi og krig har ført til ein ustabil leveringssituasjon.

Om det gjeld planlagt utskifting eller uføresett havari gjeld same leveringstid. Det er ikkje noko leasingmarknad med kortare leveringstid, og ikkje tilgjengelege brukte og brukbare ambulansar i marknaden. Ei føreseieleg utskiftingstakt og kjent investeringsramme er difor heilt avgjerande for å førebyggje høg alder/kilometerstand.

Dette har og ein klar samanheng med vår drifts-stabilitet som nødetat, forventningar i samfunnet, god HMS for våre tilsette og pasientperspektivet.

I 2023 var det planlagt kjøp av seks ambulansar, fire ordinære ambulansar og utskifting av to tobåre-ambulansar.

#### **Historisk leveringsfrekvens**

Tilbakeblikk på leveransar av ambulansebilar 13 år tilbake, viser at det i gjennomsnitt er levert 4,2 bilar i året. Ein differanse på -1,8 bilar i året i høve til årleg behov. Sjølv om tenesta i 2021 fekk 13 nye bilar og ytterlegare 8 i 2022, har åra i forkant og etterkant vore «magre».

I 2022 vart ein ambulanse i Nordfjord kondemnert etter ei omfattande understellsskade. Denne vart ikkje erstatta med nytt kjøp på havari-budsjett, den tid vi har hatt føreseielege investeringsrammer.

Ambulansetenesta har og i 2023 donert to ambulansebilar til Ukraina og humanitære bidrag. Dette utfordrar oss no på bilparken knytt til driftsreservar.

## Konsekvensar

Nedprioritering av investeringar gir ein stadig eldre og slitt ambulansebilpark både på akuttambulansar og for to-båreambulansar for overføringsoppdrag mellom sjukehusa. Det vil påføre tenesta redusert transportkapasitet, og større behov for personalressursar, om tenesta står utan operative to-båre bilar i drift.

## HMS og pasienttryggleik

Det er naudsynt å vere klar over at ambulansar får driftsavbrot på oppdrag og ikkje i garasjen. Det gir uro og bekymring rundt situasjonen som utgjer ein vesentleg risiko både for HMS for eigne tilsette og pasienttryggleiken. I personalmøter i haust har fleire stasjonar tatt opp ein situasjon som har forverra seg, og kor det er missnøye med fleire av køyretøya i tenesta. I pågåande budsjettarbeid og med Helse Førde sin økonomiske situasjon som bakteppe, er både tilsette, vernetenesta og leiinga uroa for at løvingane ikkje vil stå i stil med det kjente behovet for nytt materiell og føreseielege rammer.

## Behov

For ambulansetenesta er behovet for bilinvesteringar for 2024: 11 MNOK + 5 MNOK i redusert løying for 2023, totalt 16 MNOK.

## Paradoks

Ambulansen er både fartøy for personell og pasient, og behandlingsrommet – som media har omtalt som «rullande småsjukehus», for helseføretaket si prehospitaleneste. Stabil drift i ambulansetenesta skil seg ikkje vesentleg frå å ha stabil straumtilførsel og drift i sjukehusa våre. I 2023 har ein måtte gjere kostnadsinngripene tiltak for å sikre beredskap for straubortfall. Det er naudsynt, men heilt samanfallande med behovet for ei ambulanseteneste som sikrar stabil beredskap, drift, og tryggleik for befolkninga.

Dei fleste av persontransport-bilar, driftstekniske bilar og administrative køyretøy i Helse Førde er av nyare dato enn kva gjeld akutt-tenestene i føretaket.

## Typar ambulansebilar:

### Akuttambulanse

Ambulansebil i operativ drift som akuttambulanse. Akuttambulansane treng eit preventivt kvalitetssikringsregime fordi konsekvens ved driftsavbrot under primæroppdrag er kritisk. Av den grunn er det eit nedfelt mål om at desse bilane ikkje overstig 300.000 km eller 5 år som primærressurs/førsteressurs. Denne grensa er sett for å kunne ha tilfredsstillande driftssikkerheit, restverdi på bilen og eit bruksområde som driftsreserve/kvit bil eller beredskapsbil i inntil 10 år.

Vurdering: **moderat risiko for utilstrekkeleg drift/beredskap**

### Tobåreambulanse

Større ambulansebil med to båreplassar og elles utstyrt som fullverdig ambulanse. Står plassert ved kvar av sjukehusa våre og utfører overflyttingsoppdrag, men også intensivoppdrag. Bilane har lange oppdrag på inntil 300 km i eige HF, og opptil 400-600 km på oppdrag til og frå Haukeland.

Helse Førde har fire, to-båreambulansar, ein ved kvar av sjukehusa og ein reservebil. Dei har no 413.000 km i gjennomsnittleg kilometerstand. Utan operative to-bårebilar må det sendast to ordinære bilar for same helsenytte – og svekka beredskap på kjøpet.

Vurdering: **høg risiko for utilstrekkeleg drift/beredskap**

### **Driftsreserve og vedteken prehospital plan**

Ordinær ambulansebil som inngår i tenesta sin reservebilpark når ordinære bilar er på verkstadopphold eller får uventa driftsavbrot. Føretaket er i tillegg til forsvarleg ambulanseteneste forventa å kunne dekke behov for ambulansetenester større ulykker og kriser innanfor eigen helseregion, og på tvers av regions- og landegrensene, jf. akuttmedisinforskrifta §10 d.

Driftsreserve er vår utvida beredskap/ekstraordinære oppdrag. Bilane har ofte passert 350.000 km og har ein alder mellom 6-10 år. Gjennomføringa av prehospital plan med utplassering av beredskapsbilar i fleire områder som kompenserer tiltak, krev både ein operativ bilpark og funksjonell gjenbruk av bilar etter den første perioden som ordinær akuttambulanse.

Vurdering: **høg risiko for utilstrekkeleg drift/beredskap**

### **Kvit bil - sjukettransport**

Ordinær ambulansebil som har gått si teneste som akuttambulanse. Er no foliert som kvit bil / sjukettransport på planlagde transportoppdrag primært ut frå sjukehusa våre. Dei to disponibele bilane som inngår i bruk er 11 og 9 år gamle og har ein gjennomsnittleg km. stand på 355.000 km. Ressursen utfører planlagde oppdrag som ikkje er tidskritiske, med mål om å avlaste den akuttmedisinske delen av tenesta. Av den grunn aksepterer vi høgare risiko for driftsavbrot.

Vurdering: **høg risiko for utilstrekkeleg drift/beredskap**

### **Beredskapsbil**

Ambulansebil som står på strategiske beredskapspunkt m.a. på øyar for å handtere etappeturar for opp mot ambulansebåt, eller strengt infrastruktur, t.d. ved omfattande veganleggsarbeid og stengeregime. Bilane må vere operative, men står med eit slanka utstyrspoppsett.

Vurdering: **høg risiko for utilstrekkeleg drift/beredskap**

### **Vedlegg:**

Vedlegg 1: Utdrag av Synergi - uønska hendingar – ambulansebilpark 2023